



- Denne berggylten kastar vi uti att, seier Kristian og Martin

**- Dette må vera ein pedagogisk fulltreffar, den mest effektive ein kan satsa på!**

Det sa ein bestefar på Sandakaien i dag medan han var vitne til at det vart ført iland imponerande mye fisk som femte og sjette klasse ved skulen hadde fått på garn det siste døgnet.

Fisket inngjekk i prosjektet LIVET I FJØRA som dei to klassane har gjennomgått i det siste, med start

12. mai og slutt 5. juni. Punktum vert sett med akvariebesøk i Bergen.

Det er eit allsidig prosjekt der det også har vore lagt vekt på ferdsel til sjøs - frå produksjon av trebåtar til den superraske politibåten.



- men denne krabba er ein delikatesse!

Leiarane av prosjektet var fulle av ros også om foreldre og besteforeldre for deira engasjement og vilje til å hjelpe til med utstyr. Til dømes var 8 båtar nytta til garnfisket rundt Skorpo og i området ellers som starta i går klokka 9 og vart avslutta i dag klokka 9. Resultatet vart 14 sortar og vi ramsar opp: Torsk, sei, lør, pigghå, krabbe, berggylt, blåskål, skate, rødnebb, flyndre, makrell, pir, hyse, makrell og kråkebolle..

Alt er sjølv sagt ikkje delikatessar, vi møtte til dømes ingen på Sandakaien som satsar på minihaien pigghå som middagsmat i dag.

Men elevane og andre fekk eit imponerande inntrykk av mangfaldet i matfaret som ligg like utanfor oss. Dei har også lært mykje om respekt for naturen.

Det passar dessutan bra med eit slikt utomhusprosjekt no, når skulen står på hovudet under renoveringa.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Det er eit imponerande mafat like utanfor oss! Også Skorpebåten med skipar var med på prosjektet.



To klassar har studert livet i fjøra og her er dei på Sandakaien